

# Nordfjord Golfklubb

## Årsmelding for sesongen 2007



### Styret i Nordfjord Golfklubb si årsmelding for sesongen 2007

---

Årsmøtedato 25. januar 2007

#### Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Arbeidsplan for 2007.
6. Regulering av: kontingent, greenfee årskort og baneandelar.
7. Fullmakt til låneopptak.
8. Val av leiar.
9. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitémedlemar.
10. Eventuelt.

## Styret i 2006:

Leiar	:	Kent R. Tryggestad
Nestleiar	:	Bodil Rasmussen
Sekretær	:	Knut Rønnestad
Kasserar	:	Helge Haugland
Styremedlem	:	Dagfinn Gjerde
Styremedlem	:	Trond Kroken
Vara	:	Sonja Borhaug
Vara	:	Elias Nes
Grunneigar	:	Svein Fjørtoft
Grunneigar	:	Gitta ter Stege

Styremøte er halde jamleg gjennom heile året.

## Valprotokoll:

Gruppe	Verv	2007	på val
Styre	Leiar	Kent R. Tryggestad	2008
	Nestleiar	Bodil Rasmussen	2008
	Sekretær	Knut Rønnestad	2009
	Kasserar	Helge Haugland	2009
	Styremedlem	Dagfinn Gjerde	2009
	Styremedlem	Trond Kroken	2008
	Vara	Sonja Borhaug	2008
	Vara	Elias Nes	2008
	Grunneigar	Svein Fjørtoft	-
Grunneigar	Gitta ter Stege	-	
Grøntkort/ Handikapkomité	Leiar	Dagfinn Gjerde Knut Rønnestad Kent R. Tryggestad	2009 2009 2009
Marknadsgruppe	Leiar	Trond Kroken Bjørn Lien Gunnar Olsen	2008 2009 2008
Banekomité	Leiar	Dagfinn Gjerde John Matias Garlid Elias Nes Ivar Bjarte Nord Tore Naustdal Svein Fjørtoft Gitta ter Stege	2009 2008 2009 2008 2008 - -
Sportskomité	Leiar	Gitta ter Stege Knut Rønnestad Jan Skogstad Agnar Kvalsund	2008 2009 2009 2009
Damegruppe	Leiar	Bodil Rasmussen Kari Bergheim Cindi Rasmussen Torill Fjørtoft Gitta sas ter Stege	2008 2008 2008 2008 2009
Idrettsrådet		Torill Fjørtoft	2008

Skulekontakt		Martin Larsen	2008
Valnemnd	Leiar	Per Jan Nesbakk Arild Hjelmeland	2009 2009

## Medlemar

I 2007 enda medlemstalet på ca. 950 medlemmar. Styret hadde venta nedgang i medlemstalet også denne sesongen, noko som viste seg å halde stikk. I 2006 hadde Nordfjord Golfklubb 1040 medlemmar og i 2005 eit medlemstal på 1260.

Vår daglege leiar, Gitta ter Stege, har gjort ein svært god jobb med oppfølging av medlemsmassen. Rask service viser seg å vere ein viktig faktor for mange av medlemmane, som år etter år melder seg inn i Nordfjord Golfklubb. Rask og god service er for mange vel så viktig som prisen på medlemskapet.

## Konkurransar

### Klubbmeisterskapet:

Nordfjord Golfklubb heldt klubbmeisterskap i Stokkenes Golfpark i skiftande regnvêr søndag 26.08.2007.

Åse Skaugseth vant dameklassa med 103 slag, 8 slag føre sølvmedaljevinnar Marit Brennodden. Bronsemedaljen gjekk til Kjersti Glomnes.

I herreklassa vart det gull til Tore Naustdal med 82 slag, 4 slag føre sølvvinnar Kristoffer Aarskog som igjen var 2 slag føre bronsemedaljør og styreleiar Kent Tryggestad.

I herrar senior var det Per Bergheim som tok gullmedalje med 86 slag, 3 slag føre sølvvinnar Per Linderøth, med Elias Nes som bronsemedaljør. Per Bergheim sitt resultat ville haldt til delt andre plass i herreklassa, noko som viser at seniorane hevdar seg godt !

### Resultatliste for klubbmeisterskapet 2007:

#### **Dame**

- |    |                  |     |
|----|------------------|-----|
| 1) | Åse Skaugseth    | 103 |
| 2) | Marit Brennodden | 111 |
| 3) | Kristi Glomnes   | 130 |

#### **Herre**

- |    |                    |    |
|----|--------------------|----|
| 1) | Tore Naustdal      | 82 |
| 2) | Kristoffer Aarskog | 86 |
| 3) | Kent Tryggestad    | 88 |

4)	Dagfinn Gjerde	91
5)	John Matias Garlid	94
6)	Jens Kongsvoll	102
6)	Jan Skogstad	102
8)	Per Bøen	123

### **Herre sen.**

1)	Per Bergheim	86
2)	Per Linderoth	89
3)	Elias Nes	91
4)	Helge Bruvoll	99

Styret gratulerer klubbmeistrane !

### Fylkesmeisterskapet:

Nordfjord Golfklubb fikk i år den store oppgåva å arrangere Fylkesmeisterskapen i golf. 37 deltakarar kjempa i til saman 6 klassar, medan det kun er ei dame og ein herre som kan motta fylkesmeistertittelen. Dame og jenteklassane gjekk frå raud utslagsstad, medan herre og guteklassane gjekk frå den gule utslagsstaden. I dameklassen var den unge juniorjenta **Johanne Gjedal Mo frå Lærdal GK** som blei fylkesmeister føre dei sterke golfdamene frå Selje GK. I herreklassa vart det favorittsiger til **Petter Bortne frå Selje GK**. Det som blei ei hyggjeleg overrasking, var at vår eigen Tore Naustdal skulle gje Bortne kamp til døra. Tilslutt skilde det berre 2 slag mellom desse dyktige golfarane.

Styret gratulerer fylkesmeistrane !

### **Dagleg leiar sin rapport om sesongen 2007:**

v/ Gitta sas ter Stege:

Medlemstalet har gått ytterlegare ned I år. Det skuldast særskilt bygging av fleire nye «pay and play- baner» på austlandet, der vi har hovudrekrutteringa av fjernmedlemane våre. Vi avslutta 2007- sesongen med ca. 950 medlemar totalt, med ca. 150 lokale medlemar frå Eid og omegn.

I 2007 fikk vi gode inntekter frå greenfee. Aktiviteten på bana aukar og fleire nyttar seg av tilbodet i Stokkenes Golfpark. Vi har registrert auke i tal rundar på bana i høve til 2006- sesongen og saman med auka greenfeeavgift frå kr. 150,- til kr. 200,-, har dette gjeve oss kjærkomne inntekter.

I sesongen som er gått har vi stort sett jobba med faste opplegg for knøttane og damene. Vi kan konkludere at knøttegolfen på tysdagane var meir populær

enn damegolfsen på torsdagane. Sportskomiteen ser fram til å få innspel frå årsmøtet om korleis vi kan vekke meir interesse for damegolf.

Vi hadde i utgangspunktet planlagt to grøntkortkurs i 2006. Det fyrste kurset hadde god deltaking med omlag 20 deltakarar, medan det andre kurset måtte avlysast på grunn av for lite deltaking. Til årets kurs tenkjer vi å utvide annonseringa til å omfatte heile Nordfjord.

Turneringane våre; Flaggkonkurransen, Skramlebøtta, Maurstad Open og Klubbmeisterskapet, var svært vellukka, sjølv om veret ikkje alltid var like bra. Høgdepunktet var nok Fylkesmeisterskapet som vi arrangerte 16. september. Antal deltakarar og veret vart betre enn vi kunne håpe på.

"Last but not least": I Stokkenes Gjestegard har vi no fått ein fin base for Nordfjord Golfklubb. Ein god del av føresetnadane for eit godt golfmiljø i vår vesle del av golfverda, ser dermed ut til å være på plass.

Takk for eit flott og hyggelig samarbeid i 2007.

Gitta ter Stege

## **Banegruppa**

v/ Dagfinn Gjerde

### Sesongen 2007:

I banegruppa starta året 2007 med ein diskusjon der vi la opp til ein heving av standarden på golfbana. Det var ulike føresetnader som måtte på plass for at vi skulle nå målsettinga, som økonomi, utstyr og materialar.

Det fyrste arbeidet vart ein del rydding av skog og kratt etter vinteren. Den var kun den harde kjerne som møtte på desse dugnadane og difor vart det ikkje timar nok til å få rydda i alt som hadde blåst overende i løpet av vinteren.

I starten av mai mobiliserte vi til stordugnad for å gjere bana klar til opning. På denne dugnaden møtte det uventa opp så mange at det nærast vart mangel på utstyr å hjelpe seg med.

I løpet av sommarsesongen hadde vi 3 til 4 personar som hadde sommarjobb på golfbana.

Seinare i sesongen, rett før Fylkesmeisterskapet, vart det mobilisert til ny dugnad og bana vart sett i svært god stand sett i forhold til vêrtilhøva som råda på haustparten.

Ser vi på sesongen i heilskap, har bana vore i bra, men det burde (sjølv sagt) vore utført meir vedlikehald og finish rundt sjølve bana.

Banegruppa meiner at årsmøtet må yte nok pengar til at all klipping, shaping og finishing kan takast av sommarhjelpene, slik at ein får redusert arbeids- trykket til den harde kjerne i dugnadsgjengen.

#### Status for arbeid som var planlagt gjennomført i 2007:

● Hovudmål: Finish av golfbana, grusing av eksisterande veger	Delvis
● Utbetre, lage veg frå green 9 og opp bakken	Ikkje utført
● Lage veg ned til utslag 5 frå green 4	Ikkje utført
● Utslagsramper (teestad)	Delvis
● Fjerning av underskog (kratt)	Delvis
● Drenering fairway 9, rundt utslag 9 (er påbegynt)	Utført
● Påfylling av jordmasse rundt green 9	Delvis
● Planering av fairway 9	Ikkje utført
● Oppgradering, heving av eksisterande bunkarar	Delvis
● Ny sand i bunkarar, evt. påfylling der det trengst	Delvis
● Sprøyting av ugras	Utført
● Oppgradering av range, utslagsramper etc.	Ikkje utført
● Beplantning ved div. fairwayar	Ikkje utført
● Lage fairway bunkarar	Ikkje utført
● Påfylling av masse mellom green 4 og utslag 5	Ikkje utført
● Planere skråning ved green 9	Delvis
● Teeskilt må senkast og festast. Torv på tak.	Delvis

Som ein ser av oversikta, vart lista kanskje lagt litt for høgt for sesongen 2007.

#### Planane for 2008:

Banegruppa har starta planlegging av sesongen 2008, som vanleg med eit møte for å diskutere kva som er utført i 2007 og kva som bør gjerast på golfbana i 2008. Vi bestemte oss for at banestandarden må oppretthaldast til å vere like bra som i fjor, men der enkelte ting som må utbetrast:

Hovudmål :       Rangen  
                      Tee steder  
                      Bunker  
                      Gangveg

Vanleg vedlikehald som rydding av bane og kratt etc., bør takast på stor- dugnad i slutten av april, slik at vi kan satse på opning av bana i byrjinga av mai.

Banegruppa ser at det er mykje som kan gjerast for å heve standarden på golfbana, men kor vidt dette let seg gjennomføre er avhengig av kor i god økonomisk situasjon golfklubben vil vere i tida framover.

Banegruppa takka for ein god 2007- sesong og håpar at alle lokale medlemmar vil vere med å ta eit tak når vi inviterer til dugnad.

### **Styreleiaren har ordet:**

I 2007 vart det som venta noko nedgang i medlemsmassen, og vi har ei stor utfordring i få med fleire lokale medlemmer for å holde økonomien i orden. Her har alle medlemmar eit ansvar, så kanskje vi alle skulle invitere med oss 1 ny person til våren?

Nedgongen i medlemstalet var venta, då det stadig dukkar opp nye baner og antal nye golfarar har stoppa opp på landsbasis. Vi har vel stort sett kome i mål med dei prosjekta som var målet for sesongen. Gitta har fått flotte forhold i nytt kontor og endeleg er toalett- tilhøva på plass. No har vi flotte fasilitetar for våre medlemmar og gjestar.

Ny fairway klippar er på plass, og det var på høg tid, ettersom den gamle var noko ustabil.

Styret vil rette ei spesiell takk til Elias for alt arbeid han har lagt ned som greenkeeper. Vi har av vestlandet sine beste greenar og det kan vi takke Elias for. Men det er viktig at du blir like aktiv i miljøet Elias!

Eg ønskjer alle lukke til i den nye golfsesongen.

Golfhelsing  
Kent R. Tryggestad  
Styreleiar